



Adam Jurewicz
Ystebørenen 47
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2105 - 14/10920

Saksbehandlar:
Line Hervig
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:
06.10.2014

Byggesak Gbnr 99/104 Ystebø - garasje - søknad om endring av gjeve løyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 216/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Ystebørenen
Tiltakshavar : Adam Jurewicz
Søknadstype : Søknad om endra plassering

Tiltak

Saka gjeld søknad om endra plassering av garasje på eigedom gbnr.99/104 Ystebø. Det er i sak 151/12 datert 15.06.2012 gjeve igangsetjingsløyve for oppføring av tilbygg til einestad og garasje. Det er no søkt om endra plassering av garasjen ved at den vert flytta 3,8 meter lenger fram på tomten.

Det vert elles vist til søknad om endring mottatt 03.07.2014 og supplert 03.10.2014.

Nabovarsel

Endringa er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering. Det er ikkje søkt om terrengendringar, byggestyresmakta i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengendringar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknad om endring var mangelfull når den var mottatt. Manglane vart meddelt tiltakshavar ved brev av 10.07.2014. Manglane var som følgjer:

Viser til ditt brev datert 03.07.2014.

Dykk har søkt om løyve til oppføring av garasje på eigedomen dykkar. I vedtak datert 15.06.2012 vart det mellom anna gjeve løyve til oppføring av ein garasje på 49 m², sjå vedlagt løyve. Det ser ut til at dykk har søkt om oppføring av den same garasjen på ny, med endra plassering. Før søknaden dykkar vert handsama ber me om at dykk gjer greie for kva dykk eigentleg søker om.

Manglane vart retta ved brev frå tiltakshavar av 03.10.2014.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 06.10.2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 b jf byggesaksforskrifta § 3-1 b vert det GODKJENT ENDRING for plassering av garasje som vist i endrings søknad av 03.07.2014 på følgjande vilkår:

1. Vilkår som er sett i tidligare løyve gjeld framleis.
2. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
3. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner, jf plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	<u>2 600,00</u>
SUM		kr	2 600,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomta skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2105

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Adam Jurewicz

Ystebørenen 47 5939

SLETTA